

Protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF

Tid: 01.06.2010
Møtestad: Thon Hotell Nordlys, Bodø

Styremøtet var ope for publikum og presse ved oppmøte og som telefonmøte

Deltakarar frå styret

Oddvard Nilsen	Leiar
Aud Berit Alsaker Haynes	Nestleiar
Gisle Handeland	Medlem
Gunnar Berge	Medlem
Gerd Dvergsdal	Medlem
Torill Selsvold Nyborg	Medlem
Nils P Støyva	Medlem
Ohene Aboagye	Medlem
Gro Skartveit	Medlem
Lise Karin Strømme	Medlem
Reidun Nyborg Johansen	Medlem
Helge Espelid	Medlem
Aslaug Husa	Medlem

Forfall frå styret

Deltakarar frå administrasjonen:

Administrerende direktør Herlof Nilssen
Fagdirektør Baard-Christian Schem
Eigardirektør Ivar Eriksen
Økonomi- og finansdirektør Per Karlsen
Torunn Nilsen referent

Sakliste

057/10 B	Godkjenning av innkalling og dagsorden
058/10 B	Protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF 04.05.2010
059/10 O	Administrerende direktør si orientering
060/10 B	Rapportering frå verksemda per april 2010
061/10 B	Retningslinjer for Regionalt brukarutval i Helse Vest
062/10 B	Apoteka Vest – namnejustering
063/10 B	Etablering av regionalt kompetansesenter for eldremedisin og samhandling
064/10 O	Statistikk frå Norsk pasientskadeerstatning 2009
065/10 O	Protokoll frå møte i revisjonskomiteen i Helse Vest RHF den 01.12.2009
066/10 O	Årsrapport for revisjonskomiteen og internrevisjonen 2009
067/10	Eventuelt

Lukka del

Sak 068/10 B Ikkje offentleg - Offl. § 23, 1. ledd

068/10 B Konkurranselov – kjøp av spesialiserte rehabiliteringstenester

057/10 B Godkjenning av innkalling og dagsorden

Oppsummering:

Styreleiar orienterte om følgjande endring i dagsorden:

Sak 068/10 B Konkurranselov – kjøp av spesialiserte rehabiliteringstenester

Møtet vil bli lukka under handsaming av sak 068/10 B jf Offentleglova § 23, 1. ledd.

Denne saka blei behandla i slutten av møtet.

Styreleiar orienterte om at følgjande dokument var delt ut i møte:

Ny sak:

068/10 B Konkurranselov – kjøp av spesialiserte rehabiliteringstenester

Møtet blir lukka under handsaming av sak 068/10 B jf Offentleglova § 23, 1. ledd.

Denne saka blir behandla i slutten av møtet.

Til skriv og meldingar:

Til sak 061/10 B - Brev frå Kreftforeningen til styret i Helse Vest, dagsett 28.05.10 – ”Vedrørende styremøte 01.06.10 og sak 061/10 B, Retningslinjer for regionalt brukarutval i Helse Vest.”

Forfall til møtet:

Det var ingen forfall til møtet.

Eventuelt:

Ingen saker blei meldt til eventuelt

Vedtak (samrøystes):

Det var ingen merknader til innkalling og dagsorden.

058/10 B Protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF 04.05.2010

Vedtak (samrøystes):

Styret godkjende og underteikna protokollen frå telefonstyremøte den 4. mai 2010

059/10 O Administrerende direktør si orientering

- 1 **Bruk av korridor plassar i Helse Stavanger**
Dei siste 2 vekene har det vore i snitt 35 pasientar innan somatisk behandling i Helse Stavanger. I psykiatrien har det vore 4- 5 korridorpasientar i snitt dei siste 2 vekene. Helse Stavanger har nytta om lag 45 plassar i døgnet ved pasienthotellet. Det har vore om lag 4% aktivitetsvekst i Helse Stavanger til no i år.
- 2 **Bruk av korridor plassar innan psykisk helsevern i Helse Bergen**
Det har vore 1 korridorpasient i psykisk helsevern i Helse Bergen i 1 døgn i mai.
- 3 **Nevrokirurgi i Helse Vest**
Administrasjonen orienterte om at ein nevrokirurg tilsett ved Stavanger universitetssjukehus har sagt opp. Det er sett i gang prosess for å rekruttere ny nevrokirurg. Vaktdekninga i Stavanger i sommar er tilfredsstillande.
- 4 **Årsverk og utgifter til konsulentar i RHF-a**
Talet på tilsette og utgifter til konsulentar i RHF-a blei gjennomgått i møte. Det er per i dag oppretta 46 årsverk i Helse Vest RHF, og det er tilsette i 40 årsverk. Det pågår tilsettingsprosessar knytt til dei ledige årsverka.
- 5 **Tilsetting av administrerende direktør i Helse Stavanger HF**
Bård Lilleeng er tilsett som administrerende direktør i Helse Stavanger HF. Han er utdanna lege med spesialisering innan nevrokirurgi og arbeider for tida med doktorgradavhandling. Han kjem frå stilling som viseadministrerende direktør i Helse Sør-Aust. Han tiltrer i stillinga 1. september 2010.
- 6 **Sjukehusbygget i Florø**
Administrasjonen orienterte om status i saka. Bystyret i Flora har sagt nei til tidlegare avtale om kjøp av sjukehusbygget i Florø. Helse Førde går no i dialog med andre interessentar.
- 7 **Orientering om relevante lovar, forskrifter og myndigheitskrav i perioden 22.03.10 - 15.04.10**
Administrasjonen viste til utsendt notat.

- 8 **Oversikt over tilsyns-, kontroll- og klagesaker i perioden 22.03.10 - 15.04.10**
Administrasjonen viste til utsendt notat.
Klagenemnda for offentlege anskaffingar ila 6. mai 2010 Helse Stavanger HF eit gebyr på 500 000 kroner for ulovleg direkte anskaffing av administrerande direktør.
Styret i Helse Stavanger HF har teke avgjerda til tatt etterretning.
- 9 **Oversikt over aktuelle høyringar per 15.04. 2010**
Administrasjonen viste til utsendt notat.
- 10 **Lønnsoppgjeret 2010**
Administrasjonen orientert om at det no er semje mellom Spekter og Unio, og at den pågåande streiken er avslutta.

Vedtak (samrøystes):

Styret tok meldingane til orientering.

060/10 B Rapportering frå verksemda per april 2010

Oppsummering:

Aktivitetsrapporteringa innan somatikk er påverka av at det er gjort ein del endringar i innsatsstyrt finansiering som gjer det vanskeleg å samanlikne aktivitet i 2009 med tilsvarende tal for 2010. I høve til budsjett er den samla somatiske DRG-produksjonen om lag 2,5 % lågare enn kva HF-a har budsjettert.

Ventetidsutviklinga per april 2010 viser at dei gjennomsnittlege ventetidene i hovudsak er på same nivå som for eit år sidan innan dei tre fagområda. Vidare er ventetidene i gjennomsnitt kortast for dei prioriterte pasientane. Dette gjeld både dei som er tatt til behandling og dei som framleis ventar. Epikrisetidene held seg framleis stabile rundt 70 % innan psykisk helsevern og rett over 60 % innan somatikken.

Resultatet pr april er minus kr 1,7 mill som er kr 31,7 mill dårlegare enn budsjett. Med unntak av Helse Førde som melder ei prognose for året som er kr 20 mill dårlegare enn budsjett, rapporterar alle føretaka ei prognose i tråd med budsjett. Helse Bergen var i budsjettmessig balanse ved utgangen av 2009 og har derfor ikkje utarbeida ordinær tiltakspakke. Helse Førde og Helse Fonna rapporterer ei realisert omstilling på hhv. 98 og 63 % medan Helse Stavanger rapporterer at føretaket bare har realisert 6 % av forventet realisert omstilling pr april. Samla sett er driftskredittramma vurdert til å vere tilstrekkeleg men Helse Vest vil ha ei tett oppfølging av likviditetssituasjonen framover.

Sjukefråværet for føretaksgruppa gjekk ned frå 7,4 % i februar til 6,9 % i mars. Sjukemeldt sjukefråvær var 5,8 % i mars noko som er ein nedgang frå 6,0 % i februar. Tal einingar som har eit lågare sjukefråvær enn 4,5 % i mars er på 48,4 % noko som er 4,4 prosentpoeng høgare enn i februar. Det er 102 fleire netto månadsverk i føretaksgruppa nå i mai samanlikna med mai i fjor.

Tiltrua til verksemda ligg litt over målet på 80 prosent. Det er små variasjonar mellom helseføretaka. Størst framgang finn vi i Helse Førde. Når det gjeld tiltrua til det regionale føretaket ligg den på same nivå som snittet det siste året.

Vedtak (samrøystes):

Styret tok rapportering frå verksemda per 30. april 2010 til etterretning.

061/10 B Retningslinjer for Regionalt brukarutval i Helse Vest

Oppsummering:

Med bakgrunn i styresak 014/10 *Regionalt brukarutval - vurdering av formalisert brukarmedverknad i Helse Vest RHF* har Helse Vest i dialog med representantar frå Regionalt brukarutval utarbeidd dokumentet "Retningslinjer og rammer for Regionalt brukarutval i Helse Vest". Formålet med dokumentet er å gi ei samla framstilling av mål, oppgåver og arbeidsformer i brukarutvalet.

Retningslinjene tek utgangspunkt i gjeldande lov- og myndigheitskrav, føringar gitt i Helse 2020 og dei prinsippa som gjennom åra er nedfelte i ulike styresaker. Slik sett er dokumentet hovudsakleg ei kodifisering av gjeldande praksis. I tillegg er dei prinsippa for brukarmedverknad som blei vedtekne av brukarutvalet 23. september i fjor, tilpassa og innarbeidde i dokumentet.

Styret var samde om avvente diskusjonen om samansettinga av Regionalt brukarutval til eiga sak i neste styremøte.

Nestleiar i Regionalt brukarutval fekk ordet i saka og la vekt at forslaget som blei lagt fram for ein stor del er omforent, og at det i hovudsak var semje om retningslinjene slik som dei her var lagt fram. Dei forholda det var ulik oppfatning om var kompensasjon for tapt arbeidsforteneste og talerett i styret.

Gisle Handeland fremja følgjande forslag:

Gisle Handeland sitt forslag til vedtak:

1. Styret vedtok retningslinjer og rammer for Regionalt brukarutval i Helse Vest i tråd med utkast datert 12. mai 2010.
2. Medlemmer av Regionalt brukarutval blir godtgjort på følgjande vis:
 - o Leiar av Regionalt brukarutval vert godtgjort med 30 000 kroner i godtgjersle per år.
 - o Nestleiar i Regionalt brukarutval vert godtgjort med 15 000 kroner i godtgjersle per år.
 - o Den som representerer Regionalt brukarutval mottek 1500 kroner i godtgjersle per møte.
 - o Leiar eller eitt anna brukarutvalsmedlem får reise- og kostgodtgjering for å delta på styremøta.
 - o Brukarrepresentantar får godtgjort deltaking i plan-/utviklingsarbeid og prosjekt med høvesvis 500 kroner per telefonmøte og 1500 kroner for heildagsmøte.
 - o Brukarrepresentantar får reise- og kostgodtgjering etter staten sine satsar.
3. Regionalt brukarutval skal sjølv setje opp budsjett og disponere kostnader i tråd med tildelt budsjetttramme.
4. I tråd med innstilling frå regionalt brukarutval er det ein føresetnad for å få tildeling av midlar til helsefremjande tiltak at organisasjonane øyremerkar midlar til opplæring i brukarmedverknad.
5. Styret ba om at administrerande direktør kjem tilbake til styret med ei vurdering av om medlemmer av regionalt brukarutval skal godtgjerast for tapt arbeidsforteneste.
6. Regionalt brukarutval får møte- og talerett i styret for Helse Vest RHF.

Administrasjonen sitt forslag til vedtak:

1. Styret vedtok retningslinjer og rammer for Regionalt brukarutval i Helse Vest i tråd med utkast datert 12. mai 2010.
2. Medlemmer av Regionalt brukarutval blir godtgjort på følgjande vis:
 - o Leiar av Regionalt brukarutval vert godtgjort med 30 000 kroner i godtgjersle per år.

- o Nestleiar i Regionalt brukarutval vert godtgjort med 15 000 kroner i godtgjersle per år.
 - o Den som representerer Regionalt brukarutval mottek 1500 kroner i godtgjersle per møte.
 - o Leiar eller eitt anna brukarutvalsmedlem får reise- og kostgodtgjering for å delta på styremøta.
 - o Brukarrepresentantar får godtgjort deltaking i plan-/utviklingsarbeid og prosjekt med høvesvis 500 kroner per telefonmøte og 1500 kroner for heildagsmøte.
 - o Brukarrepresentantar får reise- og kostgodtgjering etter staten sine satsar.
3. Regionalt brukarutval skal sjølv setje opp budsjett og disponere kostnader i tråd med tildelt budsjetttramme.
 4. I tråd med innstilling frå regionalt brukarutval er det ein føresetnad for å få tildeling av midlar til helsefremjande tiltak at organisasjonane øyremerkar midlar til opplæring i brukarmedverknad.

Prøvevotering:

Vedtakspunkt 1 – 4 blei samrøystes vedteke.

Gisle Handeland sitt forslag til vedtakspunkt 5 blei samrøystes vedteke.

Gisle Handeland sitt forslag til vedtakspunkt 6 fekk 6 stemmer (GH, GS, HE, NPS, LKS, RNJ) og falt.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret vedtok retningslinjer og rammer for Regionalt brukarutval i Helse Vest i tråd med utkast datert 12. mai 2010.
2. Medlemmer av Regionalt brukarutval blir godtgjort på følgjande vis:
 - o Leiar av Regionalt brukarutval vert godtgjort med 30 000 kroner i godtgjersle per år.
 - o Nestleiar i Regionalt brukarutval vert godtgjort med 15 000 kroner i godtgjersle per år.
 - o Den som representerer Regionalt brukarutval mottek 1500 kroner i godtgjersle per møte.
 - o Leiar eller eitt anna brukarutvalsmedlem får reise- og kostgodtgjering for å delta på styremøta.
 - o Brukarrepresentantar får godtgjort deltaking i plan-/utviklingsarbeid og prosjekt med høvesvis 500 kroner per telefonmøte og 1500 kroner for heildagsmøte.
 - o Brukarrepresentantar får reise- og kostgodtgjering etter staten sine satsar.
3. Regionalt brukarutval skal sjølv setje opp budsjett og disponere kostnader i tråd med tildelt budsjetttramme.
4. I tråd med innstilling frå regionalt brukarutval er det ein føresetnad for å få tildeling av midlar til helsefremjande tiltak at organisasjonane øyremerkar midlar til opplæring i brukarmedverknad.
5. Styret ba om at administrerande direktør kjem tilbake til styret med ei vurdering av om medlemmer av regionalt brukarutval skal godtgjerast for tapt arbeidsforteneste.

062/10 B Apoteka Vest - namnejustering

Oppsummering:

Apoteka Vest HF er det einaste helseføretaket for sjukehusapotek i Noreg som ikkje har med nemninga "sjukehus" i namnet. Leiinga i Apoteka Vest HF har signalisert ønskje om å justere namnet, slik at ein tydeleg viser at tenestene deira er ein integrert del av verksemda i sjukehusa – og at det ikkje dreiar seg om kommersiell apotekdrift.

I regi av Helse- og omsorgsdepartementet arbeider dei fire kommunikasjonsdirektørane med ei justering av det nasjonale profilprogrammet. Forslaget om å justere namnet kjem difor no, slik at ein kan integrere namnejusteringa i den same prosessen – før ein ferdigstiller og tek i bruk det justerte, nasjonale profilprogrammet.

Kostnadene i samband med namnejusteringa er vurderte som beskjedne. Det er heller ikkje venta at det skal føre til ulemper for andre. Tvert imot er vurderinga at det vil gi Apoteka Vest HF eit kvalitetsstempel, på lik linje med sjukehusapoteka i dei andre regionane. Med andre ord ønskjer ein å signalisere kvalitet, breidde og kompleksitet på ein tydelegare måte.

Vedtak (samrøystes):

1. Apoteka Vest HF justerer føretaksnamnet til Sjukehusapoteka Vest HF.
2. Justeringa blir implementert i organisasjonen over noko tid slik at ein minimaliserer kostnadene rundt namnejusteringa.

063/10 B Etablering av regionalt kompetansesenter for eldremedisin og samhandling

Oppsummering:

Styret i Helse Vest RHF har vedteke å etablere eit regionalt kompetansesenter for eldremedisin og samhandling, og det er sett av 4 millionar kroner til føremålet. Etablering av regionale kompetansesenter blir brukt som eit strategisk verkemiddel for fagområde som treng styrking. Alle sentre i regionen er i dag knytt til Helse Bergen og Helse Stavanger. Innan eldremedisin og samhandling er det i tillegg til eigne helseføretak Haraldsplass Diakonale sjukehus (HDS) som har god kompetanse på dette fagfeltet. Det vert tilrådd at HDS saman med helseføretaka får høve til å søkje om å etablere kompetansesenter for eldremedisin og samhandling.

Vedtak (samrøystes):

Styret i Helse Vest RHF slutta seg til at ein ved etablering av regionalt kompetansesenter for eldremedisin og samhandling i tillegg til eigne helseføretak også inviterer Haraldsplass Diakonale sjukehus til å søkje om å få etablere regionalt kompetansesenter.

064/10 O Statistikk frå Norsk pasientskadeerstatning 2009

Oppsummering:

Statistikkrapportane frå Norsk pasientskadeerstatning er eit bidrag til helseføretaka sitt eige arbeid med skadeførebygging og pasientsikkerheit.

Helse Vest har hatt ein stabil saksinngang i denne femårsperioden, med ein differanse på berre 21 saker mellom lågaste og høgaste antall per år. Helse Vest er det einaste regionale helseføretaket som totalt sett har hatt ein nedgang i saksmengda frå 2008 til 2009.

Det har vært ei auke i utbetalingane frå 2008 til 2009. Helse Vest har hatt ein auke i utbetalingane på 45 prosent. Hovudårsaka er at fleire eldre og store erstatningssaker i samband med fødsler kom til utbetaling i 2009. Utbetalingar ved det enkelte helseføretak kan og variera mykje på grunn av tilfeldige variasjonar.

For Helse Vest er det i femårsperioden fatta i underkant av 2300 vedtak om medhald eller avslag. Medhaldsandelen er 34 prosent.

Vedtak (samrøystes):

Styret tok saka til orientering.

065/10 O Protokoll frå møte i revisjonskomiteen i Helse Vest RHF den 01.12. 2009

Oppsummering:

Referat frå møter i revisjonskomiteen skal leggjast fram for styret. Revisjonskomiteen hadde møte i Stavanger den 01.12.2009.

Administrasjonen orienterte om at stilling som leiar for intern revisjonen og stilling som internrevisor er utlyst og at tilsettingsprosessar pågår. Det er forventa at det vil vere tilsett i begge stillingane til styremøtet i september.

Vedtak (samrøystes):

Styret tok protokoll frå møte i revisjonskomiteen den 01.12.2009 til orientering.

066/10 O Årsrapport for revisjonskomiteen og internrevisjonen 2009

Oppsummering:

I følgje instruks for internrevisjonen skal internrevisjonen rapportere resultatet av revisjonsarbeidet til revisjonskomiteen. Revisjonskomiteen skal årleg utarbeida ein rapport om arbeidet sitt til styret. Av praktiske grunnar, og fordi arbeidet i komiteen og internrevisjonen må sjåast i samanheng, er det utarbeidd ein felles årsrapport for 2009 slik som tidligare år.

I revisjonskomiteen sitt møte den 01.12.09 blei det fatta følgjande vedtak:

Revisjonskomiteen godkjenner årsrapport for revisjonskomiteen og internrevisjonen for 2009. Årsrapport sendes til styret i Helse Vest RHF til orientering.

Vedtak (samrøystes):

Styret tok årsrapport for revisjonskomiteen og internrevisjonen for 2009 til orientering.

067/10 Eventuelt

Ingen saker blei behandla under eventuelt.

Skriv og meldingar

Følgjande skriv og meldingar var sendt ut til styret:

- Brev frå Helse Vest RHF til HOD, dagsett 29.03.10 Rapportering frå verksemda per mars 2010"
- Særutskrift frå kommunestyrebehandling i Selje kommune 16.04.10 "Helse Førde – strategidokument 2020 Fråsegn"
- Brev frå Vågsøy kommune til styremedlemmer i Helse Førde og Helse Vest, dagsett 29.04.10 "Alternativ modell i sykehussaken"
- Protokoll frå regionalt brukarutval i Helse Vest RHF 07.04.10
- Protokoll frå regionalt brukarutval i Helse Vest RHF 03.05.10
- Brev til styreleiar i Helse Vest frå ordførar i Stord kommune, dagsett 06.05.10 "Presentasjon av nytt heilskapleg tilbod innan yrkesrehabilitering"

- E-post frå Odmund Barmen til Helse Vest, dagsett 12.05.10 "Er Ap et parti hvor løgn er regelen og ikke unntaket?"
- Brev frå Helse Vest RHF til Riksrevisjonen, dagsett 29.04.10 "Utvidet kontroll – val, oppfølging og kontroll av styret i underliggende helseforetak" U. Off. Offl § 5-2 jf. rr. lov § 18-2

Følgjande skriv og meldingar var delte ut i møtet:

- Brev frå Kreftforeningen til styret i Helse Vest, dagsett 28.05.10 – "Vedrørende styremøte 01.06.10 og sak 061/10 B, Retningslinjer for reionalt brukarutval i Helse Vest."

Lukka del

Møtet var lukka under handsaming av sak 068/10 B jf Offentleglova § 23, 1. ledd

068/10 B Konkurransen – kjøp av spesialiserte rehabiliteringstenester

Oppsummering:

Helse Vest gjennomfører no ein konkurranse om kjøp av spesialiserte rehabiliteringstenester. Nye avtaler skal vere på plass i juni.

Vedtak (samrøystes):

Styret slutta seg til vurderingane i saksførelegget.

Ref. Torunn Nilsen

01.06.2010

Oddvard Nilsen
Styreleiar

Aud Berit Alsaker Haynes
Nestleiar

Ohene Aboagye

Gunnar Berge

Gerd Dvergsdal

Gisle Handeland

Torill Selsvold Nyborg

Gro Skartveit

Nils P Støyva

Helge Espelid

Lise Karin Strømme

Aslaug Husa

Reidun Nyborg Johansen
